




ÅRSRAPPORT 2024

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD



Ikomnes kyrkje



Sykkylven kyrkje

Foto: Hallvard Sandvik

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing | 3 |
| 1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes..... | 5 |
| 1.2. Kommunalt ansvar..... | 5 |
| 1.3. Ansvar og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd | 6 |
| 2. Fellesrådets samansetning | 6 |
| 2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd i år 2024..... | 6 |
| 2.2. Medlemmar i administrasjonsutval | 7 |
| 2.3. Medlemmar i økonomiutval | 7 |
| 2.4. Medlemmar i gravplassutval | 7 |
| 3. Eit utdrag av sentrale saker i 2024..... | 8 |
| § 14. <i>Finansiering av Den norske kirke</i> | 10 |
| § 3. <i>Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar</i> | 11 |
| 4. Dei tilsette..... | 13 |
| 4.1. Staben | 14 |
| 4.2. Endringar i staben | 14 |
| 4.3. Prestevikarar i gudstenester | 14 |
| 4.4. Gudstenesteleiarar | 14 |
| 4.5. Organisasjonskart | 15 |
| 5. Kyrkjene | 15 |
| 5.1. Kyrkjebygg | 15 |
| 5.2. Kyrjekontoret..... | 15 |
| 5.3. Kyrkjelege handlingar | 16 |
| 5.4. Investeringar og vedlikehald | 16 |
| 6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune..... | 17 |
| 6.1. Innleiing | 17 |
| 6.2. Driftsbygning | 17 |
| 6.3. Samarbeidspartnarar | 17 |
| 6.4. Minnelund..... | 17 |
| 6.5. Av større saker i det vidare..... | 18 |
| 7. Økonomi | 19 |
| 7.1. Årsrekneskapet | 19 |
| 7.2. Økonomisk referanse måling | 19 |
| 8. Oppsummering/måloppnåing/resultat | 20 |
| 8.1. Tilsette | 20 |
| 8.2. Samarbeid | 20 |
| 8.3. Bygningar | 20 |
| 8.4. Gravplassen | 21 |
| 8.5. Økonomi | 21 |
| 8.6. Grunnlag for framleis drift | 21 |

1. Innleiing

Den norske kyrkja (Dnk) sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjens medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg og glede, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, døype borna sine, gifte seg, gravlegge sine kjære, delta i kyrkjelege handlingar. Ein skal kunne oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø.

Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje.

Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk valde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrkjeleg fellesråd. Sokneråda vel også medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som eksempelvis trusopplæringsutval, misjonsutval, diakoniutval, utsmykkingsnemnd og ulike prosjektgrupper/-komitéar. I tillegg til dette har kyrkjelydane mange frivillige/ulønna medarbeidarar som på ulikt vis står i teneste for kyrkja si; vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen der ei av primæroppgåvene til kyrkjelydane, sokneråda og dei tilsette nettopp er å legge til rette for engasjement og å involvere og inkludere til frivillig innsats.

Det er også slik at kyrkja samarbeider med mange ulike organisasjonar, næringslivet, kommunen, NAV, vaksenopplæringa, flyktningekontoret og kriminalomsorgen. Og våre brukarvenlege arbeidskyrkjer stimulerer til eit variert og mangfaldig tilbod for barn, unge, vaksne, seniorar og eldre. Kyrkjene tilbyr også gode lokalitetar til eigne arrangement for ulike lag og organisasjonar, samt til private selskap som eksempelvis dåps-, konfirmasjons- eller jubileumsselskap.

Det er mykje som skjer i kyrkjene i Sykkylven-Ikornnes

| | | | | |
|------------------------------|----------------------|--------------------------------------|-----------------------------------|---------------------|
| Aktivitetsklubb | Velledalskoret | Gudstenester Kyrjekaffi middag | Overnattingar i kyrkjene | Konfirmantarbeid |
| Måndagstreff Tysdagstreff | Allsang på Bygda | Dåp Vigsel | Ungdomskantori | Søndagsskule |
| Sybla-Hyblakoret | Opa kyrkje | Gravferd Minnesamvær | Leiartrening Tweens | Barnehagevandringar |
| Andakt på BUAS | Konsertar Seminar | Kyrkjedagar Kyrkjemesse | Sykkylven Gospelkor | Orgelklubb |
| Barnekoret Super | Jippikoret | Korkjekt | Tårnagenthelg Barrabas-samling | + Mykje meir |

**I Jesus Kristus er det summen
av alle «fot- og handavtrykk»
som ér kyrkja
i Sykkylven-Ikornnes.**



Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande,
open, tenande og misjonerande folkekyrkje,
som vitnar i ord og gjerning om frelse, friedom
og von i Jesus Kristus.

Strategi for Den
norske kyrkja for
2022–2029



Kyrkja opnar
rom for tru



Kyrkja er der
livet vert levd



Kyrkja er meir
for fleire



Kyrkja for
den enkelte

Forkynner evangeliet
til menneske gjennom
heile livet

Styrker kyrkja som
kulturarena og forvaltar
av kulturarv for
alle generasjonar

Gjev tilhøyrisle og skapar
gode møteplassar og
fellesskap fysisk og
digitalt



Kyrkja i
samfunnet

Fremjar verdjar
som utfordrar og
som byggjer eit godt
samfunn for alle

Bidreg til å verkeleggjere
berekraftsmåla
– lokalt, nasjonalt og
globalt

Motverkar utanforskap
og utførskar nye måtar
å vere kyrkje på



Kyrkja som
organisasjon

Styrker gjennom
si organisering ei
levande og nærverande
folkekyrkje

Samhandlar med
organisasjonslivet, andre
trus- og kyrkjesamfunn,
offentlege, private og
ideelle aktorar

Skapar ein mangfaldig,
rekrutterande og
inkluderande arbeidsplass
og frivilligarena


1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd og med kvar sine kyrkjer.

Ved utgangen av 2024 (jf. www.ssb.no) var det 7626 innbyggjarar i Sykkylven kommune. Av desse var til saman 5745 medlemmar i Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes. Ikornnes sokn med 1198 medlemmar og Sykkylven sokn med 4547 medlemmar.

Prosentvis utgjer dette ei medlemsmasse i Den norske kyrkja på om lag 76 prosent av antall innbyggjarar i Sykkylven kommune.

Demografien for Sykkylven sokn og Ikornnes sokn ser slik ut (henta frå www.register.kirken.no):



1.2. Kommunalt ansvar

Trossamfunnsloven har sitt formål om å understøtte trus- og livssynssamfunn. Og kapittel 3 i denne lova presiserer at bestemmelsane i denne lova er å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje.

Finansieringa av Den norske kyrkja skjer ved ei todelt finansieringsløyising mellom staten og kommunen. Staten gir tilskot til prestetenesta og kyrkja si verksemd nasjonalt og regionalt, og kommunen gir tilskot til kyrkja lokalt:

§ 14. Finansiering av Den norske kirke

2. avsnitt: «Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd

gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.»

1.3. Ansvar og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i Lov om trus- og livssynssamfunn (trussamfunnslova) §14 «Finansiering av Den norske kyrkja».

Ansvar til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplass og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er løna over fellesrådsbudsjettet (opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakarar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/ arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørge for administrativ hjelp til prostens når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, fellesråd, sokneråd, dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane, samt både i samarbeid med og med supplement frå dei ulike lag og organisasjonar.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven-Ikornnes og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere både kyrkja og kyrkjeleg fellesråd sitt ansvar med gravplassforvaltninga enda betre.

2. Fellesrådets samansetning

2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd i år 2024

Frå Ikornnes sokneråd:

Leif Erik Kalvatn (nesteiar)

Synnøve Kalvatn

1. vararepr.: Bjørg Roth Kurset

2. vararepr.: Solfrid Anita Hammernes Utgård

Frå Sykkylven sokneråd:

Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (fellesrådsleiar)

Therese Kristin Utgård Aas

1. vararepr.: Therese Stave Hovland

2. vararepr.: May Lisbeth Hovlid Aurdal

Representant oppnemnd av biskopen i Møre bispedøme:

Jonas Richter Fjeld (sokneprest i Sykkylven sokn)

Vararepr.: Karl Johan Bjørge (prosten i Nordre Sunnmøre prosti)

Representant oppnemnd av Sykkylven kommune:

Jarle Sverre Strømmegjerde (varaordfører)

1. vararepr.: Olav Harald Ulstein (ordfører)

2. vararepr.: Anita Sølvi Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.2. Medlemmar i administrasjonsutval

Frå fellesrådet:

Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (*fellesrådsleiar*)

Leif Erik Kalvatn (*nestleiar*)

Karl Johan Bjørge (*prost/leiar av prestetenesta*)

Frå dei tilsette:

Kristin Kjemphol Lohne (*tillitsvald og diakon*)

Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.3. Medlemmar i økonomiutval

Arne Martin Von Krogh-Bakkedal (*fellesrådsleiar*)

Leif Erik Kalvatn (*nestleiar*)

Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.4. Medlemmar i gravplassutval

Jarle Sverre Strømmegjerde (*varaordfører*)

Synnøve Kalvatn (*fellesrådsmedlem*)

Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

3. Eit utdrag av sentrale saker i 2024

- **F-sak 03/24 Budsjet 2024**

Kyrkjeverjen orienterte om budsjettframlegget som er budsjettert i ballanse mellom anna med grunnlag i at det ikkje er budsjettert med kr. 325.000,- til delfinansiering (50/50) av diakonstillinga. Rammetilskotet frå kommunen er justert med 4% justering for lønns- og prisvekst 2023, men er likevel over ein halv million kroner under det framlagte budsjettforslaget i F-sak 18/23.

Vedtak:

Fellesrådet vedtok budsjettforslaget som framlagt.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

- **F-sak 04/24 Økonomiplan 2024-2026**

Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.

Vedtak:

Økonomiplanen for 2024-2026 vart godkjent som framlagt med mandat til kyrkjeverjen om å gjere nødvendige endringar og omprioriteringar i samråd med kyrkjetenaren m/driftsansvar.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

- **F-sak 07/24 Minnelund**

Gravplassutvalet har i samråd med kommunal administrasjon v/Njell Hoftun, kommunalsjef samfunn, arbeid med saka og saksframlegget til dette møtet. Dei orienterte om prosessen og om dei to ulike forslag som er framlagt til utforming av minnelunden ved gravplassen i Sykkylven. Dei la også fram ei oversikt over kostnadsestimata til desse to alternativa. Gravplassutvalet la fram følgjande forslag til vedtak:

«Gravplassutvalet tilrår, einstemmig, å gå for løysinga til Kjell Gunnar Overøye. Vi råder samtidig til at kyrkjeleg fellestråd også gjer eit vedtak som ei tilråding til kommunestyret. Dette slik at kommunestyret, som økonomisk ansvarleg, får ta den endelege avgjersla om val av løysing. Grunnlaget til gravplassutvalets råd om Overøye si løysing er dens «lettheit» og openheit som spelar på lag med naturen og omgjevnadane rundt.»

Vedtak:

Fellesrådet gir si tilslutning til gravplassutvalets framlegg til vedtak. Dette med tilleggskommentarar om at benkane blir utforma med ryggstø og at det blir lagt ned varmekablar i bakken i området/sirkelen ved minnesøylene.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 10/24 Fastsetting av rekneskapet for 2023**

Kyrkjeverjen og økonomiutvalet orienterte om grunnlaget for eit svakt positivt resultat år 2023 på kr. 0,-.

Vedtak:

Fellesrådet tok dette til vitande og fastsette eit svakt positivt resultat år 2023 på kr. 0,-.
Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 13/24 Høyring – revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme 2024**

Fellesrådsleiaren orienterte om høyringsnotatet «Revisjon av prostigrenser» og presenterte dei ulike forslaga visuelt.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd tilrår at grensene for Nordre Sunnmøre prosti består som i dag. Dersom Indre Romsdalen og Domprostiet sjølv ønskjer å slå seg saman, vil vi støtte dette. For øvrig har vi ingen merknadar til høyringa.
Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

- **F-sak 21/24 Avgift ved gravlegging i minnelunden**

Kyrkjeverjen orienterte om saksførebuingane og behandling av saksframlegget i gravplassutvalet.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har, i lys av avgiftsnivået i våre nabokommunar, kome fram til følgjande forslag til avgift ved urnenedsetting i minnelunden i Sykkylven kommune:

- Namna minnelund for 20 år (betalt år 1) = kr. 9000,- (*årleg justert for KPI*).
(inkl. plate m/innskrift og montering, stell minnelund)
- Namna minnelund for utanbygds, for 20 år (betalt år 1) = kr. 13500,- (*årleg justert for KPI*). (inkl. plate m/innskrift og montering, stell minnelund)

Dette vedtaket blir lagt fram til fastsetting i kommunestyret, jf. gravplasslova §21.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

- **F-sak 22/24 Kommunalt driftstilskot 2025 til Den norske kyrkja.**

- **Kommunalt driftstilskot 2025 til gravplassmyndigheita.**

Kyrkjeverjen orienterte om budsjettarbeidet og om saksframlegget, med behandling i økonomiutvalet, til dei to kommunale driftstilskota for år 2025. Det todelte budsjettforslaget er utarbeida i lys av møtet vi hadde i økonomiutvalet tysdag 3. september 2024. Budsjettforslaget inneber kr. 1 260 000,- til Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) på vegne av den kommunale gravplassforvaltninga og kr. 4 404 750,- til SKF på vegne av Den norske kyrkja.

Todelt rammetilskot

Viser til tildelingsbrev 2024 frå økonomiavdelinga i Sykkylven kommune. I brevet vises det til budsjettvedtaket i Sykkylven kommunestyre av 11. desember 2023. Kommunestyret behandla der 2 ulike driftstilskotspostar: Kyrkjeleg fellesråd og Kyrkjegarden (gravplass), samt vedtak om investeringstilskot til Kyrkjeleg fellesråd og tilskot til minnelund. Med andre ord mottar Sykkylven kyrkjelege fellesråd egne kommunale tilskot på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven og egne kommunalt tilskot på vegne av gravplassmyndigheita i Sykkylven.

Lovpålagte oppgåver

1. Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til Den norske kyrkja er nedfelt i Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnslova), endra frå «kyrkjelova». Sjå eige avsnitt nedanfor.
2. Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til gravplassmyndigheita/gravplasstyresmakta er nedfelt i Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven). Sjå eige avsnitt nedanfor.

1. Kyrkjelova erstatta med Trussamfunnslova

Lov om Den norske kyrkja (kyrkjelova) frå 07.06.1996 vart oppheva og erstatta med Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnslova) den 01.01.2021. Jf. §1 er formålet med lova å understøtte trus- og livssynssamfunn. Den nye lova er inndelt i fire kapittel der kapittel 2 ikkje gjeld Den norske kyrkja, mens kapittel 3 berre gjeld for Den norske kyrkja.

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar er nedfelt i trussamfunnslova § 14:
(henta frå www.lovdata.no den 02.09.2024)

§ 14. Finansiering av Den norske kirke

Staten gir tilskudd til preste-tjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål.

Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og

organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.

Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.

Bestemmelsene i § 6 gjelder tilsvarende for Den norske kirke.

Regnskapsloven gjelder for regnskapet til rettssubjektet Den norske kirke og for regnskapet til soknet, med mindre departementet har fastsatt annet i forskrift.

Et sokn kan ikke tas under konkursbehandling eller begjære åpning av gjeldsforhandlinger etter konkursloven.

Eiendeler som Den norske kirke mottar fra Opplysningsvesenets fond, skal ikke gi Den norske kirke økonomisk gevinst til fordel for sin alminnelige virksomhet.

2. Gravplasslova

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) regulerer gravplassmyndigheita/gravplasstyresmakta og kommunens ansvar.

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar er nedfelt i gravplasslova § 3:
(henta frå www.lovdata.no den 02.09.2024)

§ 3. Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.

Gravplassmyndigheten har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen. Soknet fremmer budsjettforslag for kommunen så fremt statsforvalteren ikke har fastsatt at ansvaret som lokal gravplassmyndighet etter loven skal ligge til kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd.

Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i gravplasser og tilhørende varige driftsmidler.

Hovudpunkta i budsjettforslaga

1. Justert for løns- og prisvekst

Budsjettforslaget til Den norske kyrkja og budsjettforslaget til gravplassmyndigheita/-styresmakta er begge justert for 5% løns- og prisvekst av fjorårets budsjettforslag.

2. Lovpålagte oppgåver

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til Den norske kyrkja er nedfelt i Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven). Sjå eige avsnitt «Trossamfunnsloven».

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til gravplassmyndigheita/gravplasstyresmakta er nedfelt i Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven). Sjå eige avsnitt «Gravplassloven».

3. Tilskot til diakoni

Jamfør trussamfunnslova § 14 har vi berekna kommunal finansiering av 0,4 årsverk (= halve lønnskostnadane) til den allereie etablerte diakonstillinga i Sykkylven-Ikornnes. Stillinga vart oppretta med grunnlag i at Møre bispedøme, med relativt kort svarfrist, opna ei

moglegheit for ein avtale mellom kyrkja lokalt og Møre bispedøme. Ei av forutsetningane var at vi/kyrkja lokalt kunne garantere for lønnskostnadane til halve stillinga i minst 3 år. Med hovudgrunnlag i ei testamentarisk gåve fikk vi dermed på plass ei 80% stilling i august 2019, men dette fondet er no sterkt redusert.

Aktivitetskostnadane, utgifter til kontorhald m.m. blir finansiert av avsette fondsmidlar, gåver og innsamlingar, samt sponsorar/samarbeidspartnarar og andre tilskotsordningar vi kan få tilslag på.

4. Ein viktig aktør i folkehelsearbeidet

Det er svært mange av kommunens innbyggjarar som har ulike tilknytningar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Diakoni-/omsorgsarbeidet, verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas sjølvkjensle, helse og trivsel. Kyrkja sitt arbeid meiner vi er viktige faktorar i det førebyggjande og bevarande folkehelsearbeidet for innbyggjarane i Sykkylven.

5. Kyrkjene som kulturbygg

Kyrkjene i Sykkylven/Ikornnes er i stor utstrekning brukt til konsertar og andre kulturelle arrangement, både av lokale og utanbygds kor, korps, musikarar og songarar. Vi kan også mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. P.t. øver desse kora fast ein gong i veka i kyrkjene: Sykkylven Gospelkor, Velledalskoret og Hundeidvik blandakor. Dette i tillegg til dei ulike barne- og ungdomskora i regi av kyrkja sjølv.

6. Gravplassen i Sykkylven kommune

Som gravplassforvaltar er Sykkylven kyrkjelege fellesråd opptatt av å forvalte, drifte og vedlikehalde Sykkylven kyrkjegard på ein ordentleg og verdig måte. Vi gler oss over svært mange positive og gode tilbakemeldingar vi får frå både innbyggjarar og besøkande, og vil tilstrebe at det skal fortsette slik.

7. Ingen tenesteytingsavtalar

Ulikt med dei fleste kyrkjelege fellesråd i Norge er det ingen tenesteytingsavtalar mellom Sykkylven kommunen og Sykkylven kyrkjelege fellesråd (jf. Trussamfunnslova §14, 3. avsnitt). Eksempelvis er det vanleg at det er kommunen som driftar IT-løysingane. Eit anna eksempel er at det er kommunalt tilsette (tekniske tenester) som tek seg av gravearbeidet på gravplassen/-ane. Dette er eit viktig moment i samband med korleis ein les, forstår og samanliknar KOSTRA-tala. Vårt inntrykk er at Sykkylven kyrkjelege fellesråd kjem dårlegare ut ved at vi rapporterer faktiske og markedsstyrte kostnader, mens berekningar og rapporteringar av tenesteytingar ikkje er like presise og faktiske.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 22/24 vedtak om eit todelt budsjettforslag på kr. 1 260 000,- i kommunalt driftstilskot til SKF på vegne av den kommunale gravplassforvaltninga og kr. 4 404 750,- i kommunalt driftstilskot til SKF på vegne av Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.

Avdelingsvis fordeling av kommunale driftstilskot 2025

jf. F-sak 22/24

| | | | |
|----------------------|-----------|------------------|--|
| Gravplassmyndigheita | kr | 1 260 000 | |
| Den norske kyrkja | kr | 4 404 750 | <i>inkl. kr. 362.239,- for halve lønnskostnadane til diakonstillinga</i> |
| Totalt | kr | 5 664 750 | |

1. Avd. 43 - Drift gravplass (eige driftstilskot)
2. Avd. 42 - Drift kyrkjer (Den norske kyrkja)
3. Avd. 41 - Drift administrasjon (Den norske kyrkja)

| Samla tilskot pr. mnd.: | Administrasjon | Kyrkjer | Gravplass |
|-------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-------------------|
| | Avd. 41 pr. mnd.: | Avd. 42 pr. mnd.: | Avd. 43 pr. mnd.: |
| | <i>32% av kr. 4 404 750</i> | <i>68% av kr. 4 404 751</i> | |
| | Konto 18300 | Konto 18300 | Konto 18300 |
| kr | 367 063 | kr 117 460 | kr 249 603 |
| | | | kr 105 000 |

kr 5 664 750 kr 1 409 520 kr 2 995 230 kr 1 260 000

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar (4,15 årsverk):

- Arild Sporsheim - Kyrkjeverje i 100% stilling
- Elise Ullavik - Kontorsekretær i 55% stilling
- Karl Johan Gjøvenes - Kyrkjetenar m/driftsansvar i 100% stilling
- Rose Iren Stave - Kantor i 100% stilling
- Tor Einar Steinsvik - Organist i 20% stilling
- Olav Sverre Strømme - Reinhaldar i 40% stilling

Lønna av sokneråda (innsamla midlar og statlege trusopplærings- og diakonimidlar):

- Kathrin Notanes Riksheim - Kyrkjelydspedagod 100% stilling
- Kristin Kjemphol Lohne - Diakon i 80% stilling *(50% finansiering frå Møre Bispedøme og om lag 29% finansiering frå kommunalt tilskot)*

Likestilling: 4 kvinner og 4 menn

Tilsette i Møre bispedømme (med tenestestad i Ikorntnes og Sykkylven):

- Knut Farstad - Sokneprest i Ikorntnes sokn i 60% stilling
(slutta i stillinga hausten 2024)
- Jonas Richter Fjeld - Sokneprest i Sykkylven sokn i 100% stilling
(tilsett våren 2024)

4.1. Staben

Vi har ein samlokalisert stab med kontor i Sykkylven kyrkje. Dette gir rom for tett samarbeid og eit heilheitleg arbeid for både Ikorntnes sokn og Sykkylven sokn, ja for kyrkja sitt arbeid i heile kommunen. Dei tilsette samarbeidar godt med dei mange frivillige og arbeider for å legge til rette for frivillig engasjement. Dei samarbeidar også godt med dei mange ulike lag og organisasjonar, kommunen, konsertarrangørar med meir.

4.2. Endringar i staben

Ganske likt med 2023 har 2024 vore eit krevande år med tanke på ein annleis og mangelfull stabssamansetning. Dette har medført at dei som har vore på arbeid både har måtta ta eit større og breiare ansvar og gjort fleire arbeidsoppgåver. Like fullt er vi glade og takknemlege for det gode samspelet vi har mellom stab og råda, og ikkje minst med dei mange frivillige og med vikarane som har levert tenester her i Sykkylven-Ikorntnes.

Soknepreststillinga i Sykkylven stod vakant frå hausten 2023 til Jonas Richter Fjeld vart tilsett på våren 2024. Det var innsettingsgudsteneste for han søndag 16. juni i Sykkylven kyrkje.

Sokneprest (Ikorntnes) Knut Farstad sa opp si stilling og arbeidde til medio august 2024. Stillinga har stått vakant sidan då. Grunna økonomiske utfordringar for Dnk både nasjonalt og regionalt er det varsla kutt i prestenesta over heile landet. Signala tyder på at vi vil bli berørt av dette og det blir difor arbeidd med å finne løysingar på korleis best både utnytte og ivareta prestenesta framover.

2024 har også vore prega av både kortids- og langtidsfråvær. Sjukefråværet i 2024 var på om lag 8%. Ein av dei tilsette fekk også innvilga 2 månadar permisjon hausten/vinteren 2024.

Vi gler oss over at Kathrin Notanes Riksheim fullførte utdanninga si som kyrkjelydspedagog. Ho har dermed endra stillingstittel frå trusopplærar til kyrkjelydspedagog.

4.3. Prestevikarar i gudstenester

Vakanse i soknepreststillingane medførte ein del bruk av vikarar. Dette var:

- Helge Standal
- Ruth-Wenche Vinje
- Morten Gravdal
- Erlend Lunde
- Simen Myklebust
- Kari Vatne.

4.4. Gudstenesteleiarar

Sokneprest Simen Elias Nordbrønd Myklebust etablerte ei ny teneste der 3 personar vart utrusta og vegleia til å være gudstenesteleiarar (leke). Dei har også mottatt godkjenningbrev frå biskopen til å forvalte sakramenta (ordet/tale, nattverd og dåp)

Dette er:


- Torbjørn Støylen, Kristin Lillebø og Svein Erik Kampenes

4.5. Organisasjonskart



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

ORGANISASJONSKART
(org. nr. 976 997 298)



Pr. 31.12.2024

5. Kyrkjene

5.1. Kyrkjebygg

Sykkylven kyrkjelege fellesråd forvaltar 3 bygningar i tillegg til gravplassen og uteområda ved kyrkjene:

- Ikomnes kyrkje med byggeår 1978
- Sykkylven kyrkje med byggeår 1990

Med so store bygningsmassar krev det kontinuerleg vedlikehald og fornying. Vi er i gang med implementering av eit FDV-system (Forvaltning, drift og vedlikehald) for å betre og lette dette viktige arbeidet.

5.2. Kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret har ope alle kvardagar frå kl. 10-14.

5.3. Kyrkjelege handlingar

Kyrkjelege handlingar (samla sett):

- 72 gudstenester (80 i 2023, 74 i 2022, 89 i 2021)
- 43 døypte og 86 konfirmerte (44 og 66 i 2023, 38 og 76 i 2022, 43 og 102 i 2021)
- 9 vigslar (6 i 2023, 9 i 2022, 9 i 2021)
- 45 gravferdsseremoniar (65 i 2023, 48 i 2022, 73 i 2021)

5.4. Investeringar og vedlikehald

Orienteringssak: Investeringar og vedlikehald i 2024

KYRKJER OG KYRKJEKONTOR

I 2024 vart det brukt om lag kr. 460 000,- til investeringar og vedlikehald på kyrkjene og kyrkjekontoret.

Av større ting kan nemnast:

- Plass for søppeldunkar, m/overbygg, *Ikornnes kyrkje*
- Brann- og vassvarslingsanlegg, *Ikornnes kyrkje*
- 85" TV, *Sykkylven kyrkje*
- Oppvaskmaskin, *Sykkylven kyrkje*
- Repot-/scenemodular, *Sykkylven kyrkje*
- Rep. ventilasjon og varmestyring, *Sykkylven kyrkje*
- Rep. steamer, *Sykkylven kyrkje*
- Rep. vasslekkasjar, *begge kyrkjene*
- Vanndispensar, *kyrkjekontoret*
- Diverse lydteknisk og audiovisuelt utstyr
- Diverse datautstyr

GRAVPLASSEN

I 2024 vart det brukt om lag kr. 1 105 00,- til investeringar og vedlikehald på gravplassen i Sykkylven, Sykkylven kyrkjegard

Av større ting kan nemnast:

- Grasklippar/plentraktor
- Batterisag
- Rep. garasjeport
- Rep. varmtvannstank
- Kostemaskin
- Teletinar urnegrav
- Etablering av namna minnelund (*kr. 983 236,- pr. 31.12.2024*)

6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune

Det var totalt 50 gravleggingar i 2024 (70 i 2023).

6.1. Innleiing

I Sykkylven kommune er det Sykkylven kyrkjelege fellesråd som er gravplassmyndigheit på vegne av alle innbyggjarane. Dette er med andre ord ei kommunalt lovpålagt oppgåve der Sykkylven kommune er økonomisk ansvarleg og der gravplassmyndigheita har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd v/kyrkjevevjen har dermed ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av gravplassen i Sykkylven. Gravferdsansvaret omfattar alle innbyggjarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet (jf. gravferdsloven §3).

Forvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og Forskrift om gravplassvedtekter for Sykkylven kommune.

Som gravplassforvaltar mottar vi stadig tilbakemeldingar om at «publikum» opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet og respekt for gravplassens særpreg. Vi søker å gi ei verdig gravferd for alle i respekt for avdødes religion eller livssyn.

6.2. Driftsbygning

Driftsbygninga ved gravplassen stod ferdig i 2006.

Dette er eit teneleg bygg for oppbevaring og vedlikehald av maskiner og utstyr. Det har også eit offentleg toalett som vi arbeider med å få på plass ei adgangsløysing slik at det kan være tilgjengeleg også på kveld og i helger.

6.3. Samarbeidspartnarar

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør, Sykkylven Hageservice, som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt prosjektarbeid.

Elles vil vi også få rette ein stor takk til dei ulike verksemdene (gravferdsbyrå, steinleverandørar m.m.) som vi samarbeider med og som på ulikt vis bistår dei etterlatne og dei ansvarlege for dei ulike gravstadane (festarane).

6.4. Minnelund

Spørsmåla og ønska om ein minnelund i Sykkylven kommune har vore tematisert i aukande grad dei seinare år. Dette vart forsterka ved at det vart vedtatt ny gravferdsforskrift i 2012 som gav eigne heimlar for etablering av minnelund. Det er difor etablert mange minnelundar rundt om i landet dei siste åra.

I 2019 vedtok Sykkylven kommunestyre, ved ein interpellasjon i sak 08/19, å oppnemne ei nemnd for å utgreie aktuelle alternativ til etablering og drift av minnelund, sjå på plassering, utforming, organisering, ansvarsfordeling og økonomi. Nemnda vart leia av dåverande kommunalsjef, Bjørnar Midtbust. På vegne av gravplassmyndigheita i Sykkylven vart kyrkjevevjen invitert til å være med i

denne nemnda, og nemnda la fram si tilråding i 2021. Kommunestyret vedtok ikkje midlar til dette formål i 2021, men vidare sakshandsaming førte til at kr. 200 000,- var bevilga for 2022 til vidare prosjektering. Midlane vart ikkje nytta i 2022, men vart vidareført til bruk i 2023.

Prosjektarbeidet førte til at Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) fatta vedtak (S-sak 7/24) i fellesrådsmøtet den 21.02.2024. Vedtaket vart sendt vidare som tilråding/forslag til kommunestyret. Saka vart behandla i kommunestyremøtet den 11.03.2024 der dei vedtok (KST – 17/24):

«Kommunestyret sluttar seg til Kyrkjeleg fellesråd sitt vedtak om å velge skisseforslag frå Kjell Gunnar Overøye til minnelund.

Kommunestyret løyver inntil 1,2 millionar til føremålet.

Finansieringa skjer ved bruka av disposisjonsfond.

Midlane vert stillt til rådvelde for Kyrkjeleg fellesråd for vidare arbeid med minnelunden.»

Kyrkjeleg fellesråd signerte kontrakt med kunstnaren Kjell Gunnar Overøye den 19.03.2024. Og vidare i prosjektet kom vi fram til å signere avtale med Anleggsgartner Jan Erik Sandal AS som hovudentreprenør for grunnarbeid, stein- og skiferlegging etc.

Målet var å få etablert minnelunden innan oktober 2024, men arbeidet med minnesøylene, benkane og dei andre installasjonane viste seg å ta mykje lengre tid enn antatt. Mål om monteringa av installasjonane vart difor sett til medio mars 2025.

I løpet av arbeidet med straumtilførsel til dei vedtatte varmekablane vart det også avdekka at det eksisterande straumnett for så vidt har stor og kraftig nok kapasitet, men at den ikkje har god nok isolasjon i seg, er ikkje «tett» nok. Dermed vil auka belastning føre til for høge jordfeilutslag og ikkje være godkjent etter dagens krav. Dette var med i grunnlaget for at fellesrådet den 14.11.2024 vedtok (F-sak 25/24) å søke kommunestyret om ei ektrabevilgning på kr. 250 000,-.

Ved utgangen av år 2024 var difor ikkje minnelunden ferdig etablert, men mykje er gjort og etter planen vil minnelunden kunne takast i bruk våren 2025.

6.5. Av større saker i det vidare

- Minnelund
Fortsette det gode samarbeidet med kommunen og få ferdigstilt minnelunden våren 2025.
- Utviding av gravplassen
Allereie i eit 8 til 10-årsvindaug vil nok dette være eit behov. Gravferdslovas krav er at gravplassen til ei kvar tid har ledige graver for minst 3% av kommuna sine innbyggjarar (§2). Kommunen er kjent med dette og det er gjort tiltak i forhold til kjøp av areal til mogleg utviding mot søraust.
- Støyskjerming mot riksvegen
Støynivået frå riksvegen er tidvis for høgt. Dette gjeld spesielt ved gjennomføring gravferdar på dei nærast gravfelte langs riksvegen (A-, C-, L- og K-feltet).

7. Økonomi

7.1. Årsrekneskapet

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:

Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)

Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kontor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar)

Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidar og administrasjon)

Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn trusopplærar og diakon). Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og mot soknerådsrekneskapa.

Årsrekneskapet for 2024 viser eit årsresultat på kr. 0,-.

Totalkapitalen pr. 31.12.2024 utgjer kr. 9 311 319,-, mot kr. 8 095 406,- pr. 31.12.2023. Av den samla totalkapitalen utgjer bundne driftsfond pr. 31.12.2024 kr. 6 705 646,-. Av dette gjeld kr. 6 135 066,- fonda til sokna. I 2024 vart det avsett netto kr. 983 967,- til bundne driftsfond. Av dette gjeld kr. 488 564,- fonda til sokna, kr. 202 138 gjeld gravplassdrift, kr. 222 969,- gjeld namna minnelund, kr. 57 577,- gjeld kyrkje/administrasjon, og resterande kr. 12 719,- gjeld sum kapitalkonto.

Bundne driftsfond tilhøyrer dermed i hovudsak sokneråda (avd. 44), og i liten grad for fellestrådsdrifta (avd. 41-43).

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapen for 2024 eit rettvissande bilete av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapen for 2024 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

7.2. Økonomisk referansemåling

Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF) engasjerte Hovedorganisasjonen KA til å utføre ei økonomisk referansemåling av SKF. Rapporten er samanstillar økonomien i sykkylven kyrkjelege fellestråd og referansegruppene i 2023 og tidlegare år. Hovudfunnet frå denne rapporten er at dei uttaler at «*Sykkylven kyrkjelege fellestråd mottar mindre i ytelsar frå kommunen per medlem enn sammenlignbare fellestråd, og at utviklingen i tilskuddene har vært negativ over tid*».

Vidare skriv dei:

«Samlede ytelsar fra kommunen (tilskudd pluss tjenester) utgjer kr 861 per medlem i Sykkylven, mot kr 1 016 per medlem i gjennomsnitt for fellestrådene i referansegruppen. Med 5 772 kirkemedlemmer i Sykkylven, utgjer det årlig kr 895 000 i negativ differanse opp mot sammenlignbare fellestråd. Dette er 15 % lavere referansegruppen. Mens den annualiserte lønns- og prisveksten på kommunal sektor (kommunal deflator) i årene 2020 til 2023 var på 5,09%, var den tilsvarende veksten i tilskudd fra kommunen til Sykkylven kyrkjelege fellestråd i samme periode 1,92%. Fellestrådet har altså reelt sett mottatt kutt fra kommunen flere år på rad.»

8. Oppsummering/måloppnåing/resultat

8.1. Tilsette

Personalsituasjonen har vore utfordrande over lang tid som følgje av manglande presteteneste. I 2024 stod soknepreststillinga i Sykkylven vakant frå hausten 2023 til Jonas Richter Fjeld vart tilsett på våren 2024. Og ikkje nok med det så sa den kort tilsette soknepresten i Ikornnes sokn opp si stilling hausten 2024. Stillinga stod vankant etter dette og utlysinga lot også å vente på seg på grunn av svært utfordrande økonomi i Møre bispedøme og Den norske kyrkja sentralt.

Tiltaket med redusert gudstenestefrekvensen vart difor vidareført i 2024. Denne frekvensen inneber at det ikkje er parallelle gudstenester, men at det rullerer mellom 1 søndag på Ikornnes og så 2 søndagar i Sykkylven.

Arbeidet med å planlegge gudstenestene i 2024 innebar difor at kyrkjevevjen fortsatte med å engasjere seg i planlegginga av prestetenesta i gudstenestene. Vi gler oss over å dei 3 gudstenesteleiarane som stiller på, og dei mange prestane i Sykkylven som også har bidratt i gudstenester.

Utover arbeidet med å sikre prestar og gudstenesteleiarar til gudstenestene førte vakansen til auka arbeidsmengde og belastning på den øvrige stab. Her kan nemnast ekstraarbeidet (m.a. også for kantoren) i samband med planlegging, informasjonsflyt, kommunikasjon, infoark etc. til den enkelte gudstenesta.

2024 har også vore prega av både kortids- og langtidsfråvær. Sjukefråværet i 2024 var på om lag 8%. Ein av dei tilsette fekk også innvilga 2 månadar permisjon hausten/vinteren 2024.

Vi gler oss over at Kathrin Notanes Riksheim fullførte utdanninga si som kyrkjelydspedagog. Ho har dermed endra stillingstittel frå trusopplærer til kyrkjelydspedagog.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd gir ein særskilt ros og takk til dei tilsette sin innsats og fleksibilitet i ei krevjande tid.

8.2. Samarbeid

Sykkylven kyrkjelege fellesråd kan vise til at ansvarsområda våre er prega av systematisk arbeid, utført av ein dyktig stab, eit betydeleg tal frivillige/uløna medarbeidarar og i samarbeid med mange ulike organisasjonar, næringslivet, kommunen, NAV, vaksenopplæringa, flyktningkontoret og kriminalomsorgen.

8.3. Bygningar

Sykkylven kyrkjelege fellesråd forvaltar 3 bygningar i tillegg til gravplassen og uteområda ved kyrkjene:

- Ikornnes kyrkje med byggeår 1978
- Sykkylven kyrkje med byggeår 1990
- Driftsbygninga ved gravplassen med byggeår 2006

Dei store bygningsmassane krev eit kontinuerleg forvaltning- drift- og vedlikehaldsarbeid. Eit eige system for å handtere dette er under implementering. Målet er at også brukarar og publikum lettare skal kunne melde inn saker.

Ved Ikornnes kyrkje fekk vi mellom anna etablert ein eigen plass, med overbygg, for søppeldunkane. Det vart også installert detektorar for brannvarsling og varsling dersom vasslekkasje på storkjøkkenet og ved vartmvanntank.

I Sykkylven kyrkje monterte vi mellom anna opp ein 85" TV i kyrkjesal 1 for ulike brukarar ved ulike møter og aktivitetar. Det vart også sett inn i oppvaskemaskin på kjøkkenet i kyrkjesal 1. Det vart også behov for å få utført større reoperasjonar og utbetringar av ventilasjonsanlegget og varmeanlegget i Sykkylven kyrkje.

Ved hjelp av TEFT-midlar og samarbeid med ulike lag og organisasjonar kom vi også godt i gang med bygginga av repot-/scenemodular. Dette er tiltenkt dei større konsertane og arrangementa med mange aktørar. Med om lag 650 sitteplassar i Sykkylven kyrkje er dette noko vi ønskja i lys av å være opptatt av å legge til rette for sang-, musikk- og kulturlivet i kommunen.

Vi har to tenlege arbeidskyrkjer som er fylt av mykje aktivitet med stor satsing på trusopplæring og arbeid blant unge, vaksne og eldre. Det diakonale arbeidet er i stor framdrift under leiing av diakonen. Oppdraget i det vidare vil være å framleis søke å legge til rette for frivillig engasjement; auka involvering og eigarskap til arbeidet i kyrkja/kyrkjelydane med og for barn, unge, vaksne, seniorar og eldre.

8.4. Gravplassen

Som gravplassforvaltninga i Sykkylven kommune har vi som mål at Sykkylven kyrkjegard skal være ein fin og velstelt gravplass som blir opplevd som ein tenleg gravplass for både innbyggjarar og tilreisande i Sykkylven. Tilbodet om namna minnelund føyer seg inn i dette og målet er at dette kjem på plass i løpet av våren 2025. Målet om utvida tilgang til toalettet i enden av driftsbygninga føyer seg også inn i dette.

I 2024 vart det kjøpt inn ein ny grasklippar/plenetraktor i arbeidet med å halde gravplassen fin og velstelt. Vi vurderar også moglegheitane for å nyttegjere oss av robotgrasklippar(ar) i dette arbeidet. Bruken av sommarhjelparar har vi gode erfaringar med og vi vil halde fram arbeidet med å engasjere gode ungdommar og vaksne som har eit ekstra «auge» for park- og hagedrift. Vi ser også stort på samarbeidet vi har med eksempelvis vaksneopplæringa og NAV i forhold til å kunne tilby både språk- og arbeidspraksis.

Gravplassforvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og Forskrift om gravplassvedtekter for Sykkylven kommune.

Av større saker i det vidare har vi ferdigstilling av minnelund, behov for utviding av gravplassen, samt behov for støyskjerming mot riksvegen.

8.5. Økonomi

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) har i ei årrekke hatt ein økonomi som har vore prega av opparbeida underskot. Årsrekneskapet for 2024 viser eit årsresultat på kr. 0,-.

8.6. Grunnlag for framleis drift

Leiinga si vurdering er at Sykkylven kyrkjelege fellesråd evner å halde fram drifta i 2025.

- Vedlegg: 1. Årsrekneskap 2024 (hovudtala)
2. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
3. Noter til rekneskapet

For Sykkylven kyrkjelege fellesråd, 20.03.2025



Arne Martin Von Krogh-Bakkedal
Fellesrådsleiar



Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Fellesrådssamansetninga ved inngangen til år 2025

| | | |
|--------------------------------|----------------------------|--------------------------|
| Arne Martin Von Krogh-Bakkedal | – fellesrådsleiar | (frå Sykkylven sokneråd) |
| Leif Kalvatn | – nestleiar | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Jarle Strømmegjerde | – styremedlem | (oppnemnd av kommunen) |
| Arnt Sigurd Solli | – styremedlem | (oppnemnd av biskopen) |
| Synnøve Kalvatn | – styremedlem | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Therese Kristin Utgård Aas | – styremedlem | (frå Sykkylven sokneråd) |
| Arild Sporsheim | – kyrkjeverje/dagleg leiar | |
| Björg Roth Kurset | – 1. varamedlem | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Solfrid Anita Hammernes Utgård | – 2. varamedlem | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Therese Stave Hovland | – 1. varamedlem | (frå Sykkylven sokneråd) |
| May Lisbeth Hovlid Aurdal | – 2. varamedlem | (frå Sykkylven sokneråd) |
| Olav Harald Ulstein | – 1. varamedlem | (oppnemnd av kommunen) |
| Anita Sølvi Vollstad | – 2. varamedlem | (oppnemnd av kommunen) |
| Knut Farstad | – varamedlem | (oppnemnd av biskopen) |



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Rekneskapet pr. 31.12.2024

12

| | Virkelege tal | Periodisert budsjett: (budsjett/12)*12 | Budsjett 2024 |
|------------------------------------|---------------------|---|---------------------|
| Avd. 41 - Kyrkjeleg administrasjon | kr 1 912 624 | kr 1 891 785 | kr 1 891 785 |
| Avd. 42 - Kyrkjer | kr 3 323 126 | kr 3 172 190 | kr 3 172 190 |
| Avd. 43 - Kyrkjegard | kr 2 816 543 | kr 1 799 505 | kr 1 799 505 |
| SUM utgifter totalt | kr 8 052 293 | kr 6 863 480 | kr 6 863 480 |

| | | | |
|------------------------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Avd. 41 - Kyrkjeleg administrasjon | kr 1 976 793 | kr 1 903 785 | kr 1 903 785 |
| Avd. 42 - Kyrkjer | kr 3 289 158 | kr 3 172 190 | kr 3 172 190 |
| Avd. 43 - Kyrkjegard | kr 3 279 996 | kr 1 799 505 | kr 1 799 505 |
| SUM inntekter totalt | kr 8 545 947 | kr 6 875 480 | kr 6 875 480 |

| | | | |
|--|-------------------|------------------|------------------|
| Over- /underskot før finans | kr 493 654 | kr 12 000 | kr 12 000 |
| 5500 Avsetjing til investeringsfond (Avd. 41) | kr 26 904 | | |
| 5500 Avsetjing til investeringsfond (Avd. 42) | kr 30 673 | | |
| 5500 Avsetjing til investeringsfond (Avd. 43) | kr 222 969 | | |
| 15500 Avsetningar til bundne fond (Avd. 43) | kr 202 138 | | |
| 15000 Renteutgifter / Låneomkostningar | kr 12 719 | | |
| 15200 Utlån - Kjøp av aksjar og andelar (KLP) | | kr 12 000 | kr 12 000 |
| 15300 Dekking av tidlegare års negative resultat | | kr - | |
| 15400 Avsetningar til ubundne fond | | | |
| Sum finanskostnader totalt | kr 495 403 | kr 12 000 | kr 12 000 |
| 19000 Renteinntekter | | | |
| 19001 Andre renteinntekter | kr 1 749 | | |
| 19400 Bruk av ubundne fond - disposisjonsfond | | | |
| 19500 Bruk av bundne fond | | | |
| Sum finansinntekter totalt | kr 1 749 | | |
| 19800 Rekneskapsmessig underskot | | | |
| Resultat | kr 0 | kr - | kr - |

(minusforteikn = meirforbruk)




DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 07/25 Fastsetting av rekneskapet for 2025

Sykkylven 20.03.2025


fellesrådsleiar, Arne Martin Von Krogh-Bakkedal




kyrkjeverje/dagleg leiar, Arild Sporsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2024

Side 1

17.03.2025 14:49:09

Arild

2

| Periode 0-12 | 2024 | 2023 |
|--|------------------|------------------|
| EIENDELER | | |
| Anleggsmidler | | |
| 22700001 - Sykkylven kyrkje | 1 | 1 |
| 22700002 - Ikornes kyrkje | 1 | 1 |
| 22700003 - Sykkylven kyrkjegard | 1 | 1 |
| Sum Faste eiendommer og anlegg | 3 | 3 |
| Sum Utstyr,maskiner og transportmidler | | |
| Sum Utlån | | |
| 22100001 - Aksjer og andeler | 290 034 | 277 315 |
| Sum Aksjer og andeler | 290 034 | 277 315 |
| Sum Anleggsmidler | 290 037 | 277 318 |
| Omløpsmidler | | |
| 21310040 - Momskompensasjon | 700 686 | 555 844 |
| 21375002 - Samlekonto Debitorer | 143 860 | 243 758 |
| 21375010 - Tilgode frå andre | 77 878 | |
| Sum Kortsiktige fordringer | 922 424 | 799 602 |
| 21899001 - Forskudd til ansatte | | |
| Sum Aksjer og andeler | | |
| Sum Sertifikater | | |
| Sum Obligasjoner | | |
| 21000001 - KASSE | 36 484 | |
| 21020001 - BANK - 4045 30 34315 | 151 686 | 535 094 |
| 21020002 - Fondskonto 4045 66 01032 | 476 | 2 330 |
| 21020003 - Gåvekonto 3910.38.74169 | 105 743 | 548 972 |
| 21020005 - Konto for gravfond 4045 68 76899 | 242 130 | 33 302 |
| 21020006 - 39051802776 særvilkår 31dg | 6 286 519 | 4 320 589 |
| 21020007 - 39051802784 særvilkår 31dg gravfond | 1 210 703 | 1 456 955 |
| 21098001 - Skattetrekk | 65 118 | 121 245 |
| Sum Kasse postgiro bankinnskudd | 8 098 859 | 7 018 486 |
| Sum Omløpsmidler | 9 021 282 | 7 818 088 |
| Sum EIENDELER | 9 311 319 | 8 095 406 |

EGENKAPITAL

20/3-25



Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellestråd

2024

Side 2

17.03.2025 14:49:09

Arild

| Periode 0-12 | 2024 | 2023 |
|--|-------------------|-------------------|
| 25600010 - Avsett investeringsmidlar kyrkjegard | -222 969 | |
| 25600011 - Avsett investeringsmidlar kyrkje/administrasjon | -57 577 | |
| Sum Disposisjonsfond | -280 546 | |
| 25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikomnes | -591 776 | -519 068 |
| 25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikomnes | -379 199 | -316 361 |
| 25120000 - Avsett til barnearbeid Sykkylven | -1 357 613 | -1 223 798 |
| 25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Sykkylven | -1 227 942 | -1 100 148 |
| 25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Sykkylven | -371 493 | -330 949 |
| 25120003 - Avsett til Sykkylven kyrkje | -226 171 | -215 669 |
| 25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet | -1 316 985 | -1 191 161 |
| 25130001 - Avsett til musikkarbeidet | -19 008 | -23 331 |
| 25130002 - Avsett til stabsutvikling | -80 392 | -68 574 |
| 25130003 - Avsett til diakoniarbeid | -362 350 | -455 306 |
| 25160000 - Avsett til fond gravplassdrift | -202 138 | |
| 25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet | | |
| Sum Bundne driftsfond | -6 135 066 | -5 444 364 |
| Sum Ubundne investeringsfond | | |
| Sum Bundne Investeringsfond | | |
| Sum Regnskapsmessig mindreforbruk | | |
| Sum Regnskapsmessig merforbruk | | |
| Sum Likviditetsreserve | | |
| 25990000 - KAPITALKONTO | -290 034 | -277 315 |
| Sum Kapitalkonto | -290 034 | -277 315 |
| Sum EGENKAPITAL | -6 705 646 | -5 721 679 |

GJELD

Langsiktig Gjeld

Sum Ihendehaverobligasjonslån**Sum Sertifikatlån****Sum Andre lån****Sum Langsiktig Gjeld**

Kortsiktig gjeld

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellestråd

2024

Side 3

17.03.2025 14:49:10

Arild

| Periode 0-12 | 2024 | 2023 |
|--|-------------------|-------------------|
| Sum Kassekredittlån | | |
| 23214003 - Oppgjørskonto mva. | -33 046 | -31 131 |
| 23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT | -52 902 | -77 796 |
| 23290908 - SKYLDIG FERIEPENGER | -421 340 | -383 742 |
| 23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP. | -44 720 | -39 994 |
| 23299001 - Interimskonto Direkteremitering | | |
| 23299006 - Samlekonto Kreditorer | -451 676 | -281 043 |
| 23299007 - Skuldig Sykkylven sokn | | |
| 23299009 - Trekk kompetanseformål | -4 411 | -8 521 |
| 23299010 - Skuldig andre | -1 750 | |
| 23299100 - Avsett til gravstell | -1 452 832 | -1 390 257 |
| 23314001 - Forskuddstrekk | -142 996 | -121 245 |
| 23320001 - Påløpte kostnader | | -40 000 |
| Sum Annen kortsiktig gjeld | -2 605 673 | -2 373 728 |
| Sum Kortsiktig gjeld | -2 605 673 | -2 373 728 |
| Sum GJELD | -2 605 673 | -2 373 728 |
| Sum EGENKAPITAL OG GJELD | -9 311 319 | -8 095 406 |
| MEMORIAKONTO | | |
| Sum Ubrukte lånemidler | | |
| Sum Andre memoriakonti | | |
| Sum Motkonto for memoriakontiene | | |
| Sum MEMORIAKONTO | | |
| Sum BALANSE | | |



Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellesråd SKF 2024

Note 1:

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellesrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid.

Note 2:

Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådet si drift er kr. 4.794.720,-. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og gravplassen.

Investering:

Det er utbetalt kr. 1.500.000,- i investeringsmidlar frå kommunen i 2024. 1.200.000 er øyremerka til namna minnelund.

Note 3:

Løn og personalutgifter

| <u>Består av følgjande postar:</u> | <u>2024</u> | <u>2023</u> |
|-------------------------------------|------------------|------------------|
| Løn og honorar | 3 787 217 | 3 584 710 |
| Folketrygdavgift | 434 655 | 437 799 |
| Pensjonsutgifter | 630 744 | 554 993 |
| Andre lønsutgifter | 43 620 | 44 178 |
| Sum løns- og personalutgifter | <u>4 896 236</u> | <u>4 621 680</u> |
| Gjennomsnittleg antal tilsette | 8 | 8 |
| som utfører gjennomsnittlig årsverk | <u>6,1</u> | <u>6,1</u> |

Av dette er 1,8 årsverk finansiert av innsamla midlar og statleg tilskot (trusopplæringsmidlar og diakonimidlar).

Kommunale midlar til stilling diakon er lagt inn som intern overføring. Dette blir redusert ved underskot i avd. 41-43. Vedtak om at overskot inntil 50% av lønnskostnadar til diakonstillinga blir avsett til diakoni ligg til grunn her.

Løn og anna godtgjersle til dagleg leiar: Kr. 785.343,-
Honorar til folkevalde: Kr. 47.400,-



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellestråd

Revisor:

Revisjonshonorar for 2024 utgjer kr. 46.437,- eks. mva.
Dette gjeld fellestrådet og dei to sokneråda.

Note 4:

Bunde midlar:

I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 65.118,-

Note 5:

Pensjon:

Sykkylven kyrkjelege fellestråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtalar med KLP.

Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent.

Arbeidsgjevars del av premie er kr. 630.743,- . Tilsette betaler 2% av løn i premie.

Av premien i 2024 er reguleringspremien på kr. 273.321,-.

Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 6 100 684

Pensjonsmidlar utgjer kr. 7 147 489

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.

Note 6:

Anleggsmidlar:

Varige driftsmidlar:

| | Utstyr/Inventar 5 år | Maskin, Trsprn. 10 år | Kyrkjer 80 år | Kyrkjegardar | SUM 2024 |
|---------------------------------|-------------------------|--------------------------|------------------|--------------|-------------|
| Anskaffelseskost 1/1 | - | | | | |
| Tilgang | | | | | |
| Avgang | | | | | - |
| Anskaffelseskost 31/12 | - | | | | |
| Akkumulerte avskrivningar 31/12 | - | | | | |
| Balanseført verdi pr. 31/12 | - | | 3 | | |
| Årets avskrivningar | - | | | | |

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 7:

Avsetningar og bruk av avsetningar

| | Disposisjons Fond | Bunde driftsfond | Ubunde Inv.fond | Bunde Inv.fond | SUM: 2024 | |
|------------------------|----------------------|---------------------|--------------------|-------------------|------------------|--|
| Saldo pr 01.01: | 0 | 5 444 364 | | - | 5 444 364 | |
| Avsetningar | | 847 820 | | 280 546 | 1 128 366 | |
| Bruk av avsetningar | | 157 118 | | - | 157 118 | |
| Saldo pr 31.12: | 0 | 6 135 066 | | 280 546 | 6 415 612 | |

Jfr. fylldig oversikt bruk/avsetjing.

Note 8:

Kapitalkontoen:

| | Debet | Kredit |
|--|----------------|----------------|
| INNGÅANDE BALANSE pr 01.01 | | 277 315 |
| Aktivering av fast eigedom og anlegg | | |
| Avskrivningar av fast eigedom og anlegg | | |
| Avskrivningar av utstyr, maskiner og transp.m. | | |
| Eigenkapitalinnskudd KLP | | 12 719 |
| Nye lån | 0 | |
| Avdrag på lån | | 0 |
| UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12 | 290 034 | |
| | 290 034 | 290 034 |

Sykkylven, 10.03.2025

Med helsing
Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar